

Tematiske profilområde ved HF

Notat frå arbeidsgruppa

Bergen, 16. mars 2015

Innhold

1. Oppnemning, medlemmer, mandat	3
2. Bakgrunn for arbeidsgruppas mandat og arbeid	5
3. Kriterier for profilområde.....	9
4. Er tematiske profilområde ønskeleg?	13
5. Oppsummering og tilrådingar	17
Appendix 1. Større fagovergripande område ved HF i Bergen.....	19
Appendix 2. Profilering av tverrfagleg forskning ved andre humanistiske fakultet	22

1. Oppnemning, medlemmer, mandat

Det humanistiske fakultet sette 3. november 2014 ned ei arbeidsgruppe til å utarbeide eit notat som drøftar om HFs forskingsaktivitetar er tent med å bli profilert gjennom fagovergripande tema eller område.

Som medlemmer vart oppnemnde:

Camilla Brautaset (AHKR)

Torgeir Skørgen (IF)

Pär Ola Sandin (LLE)

Espen Gamlund (FOF)

Randi Rølvsjord (GA)

Kari Jegerstedt (SKOK)

Rasmus Slaattelid (SVT)

Fakultetet oppnemnde i tillegg ein representant for HSU til arbeidsgruppa frå og med 6. januar, men denne representanten har ikkje vore til stades på møta.

Arbeidsgruppa har hatt 11 møte.

På første møtet 17. november 2014 vart Camilla Brautaset og Rasmus Slaattelid valde som leiarar. På dette møtet var og dekan for HF, Margareth Hagen, til stades for å gje ei orientering om bakgrunnen for mandatet.

Mandatet for arbeidsgruppa var som følgjer (frå oppnemningsbrevet):

Humanistisk forskning er forankret i sterke fagtradisjoner. Samtidig er dens evne til å fornye seg avhengig av tverrfaglige impulser og overordnede perspektiver og temaer. Fagovergripende temaer eller områder kan også bidra til å fremme tverrfaglige perspektiver og profilere forskningen ved fakultetet.

Dekanen har oppnevnt en arbeidsgruppe som skal:

drøfte om vårt fakultet er tjent med å bli profilert gjennom noen overgripende temaer som kan synliggjøre felles forskningsinteresser innad, stimulere tverrfaglig samarbeid og profilere fakultetet utad

- *eventuelt foreslå kriterier for utvelgelse av de fagovergripende områdene*
- *foreslå organisatoriske former for tverrdisiplinære profilområder*

Arbeidsgruppen bes om å levere et notat på bakgrunn av interne drøftinger og erfaringer og praksis ved andre humanistiske fakulteter i Norden.”

Mandatets første avsnitt legg opp til eit skilje mellom «sterke fagtradisjonar» på den eine sida, og «fagovergripande temaer eller områder» og «tverrfaglege perspektiver» på den andre. Det er rimeleg å tolke dette som eit skilje mellom disiplinbasert eller «intradisiplinær» forskning på den eine sida, og interdisiplinær/tverrfagleg forskning på den andre. I tråd med dette drøftar arbeidsgruppa sitt notat profilering, synleggjering, og samarbeid i forhold til tverrfagleg forskning, ikkje i forhold til fakultetets forskingsaktivitetar generelt.

Arbeidsgruppa har vidare lagt til grunn ei vid tolking av «tverrfagleg forskning». Tolkninga inkluderer heile spennet frå fleirfagleg samarbeid med intakt fagleg identitet, til tverrfagleg forskning med høg grad av integrering, og transfagleg forskning orientert mot fageksterne problem («samfunnsutfordringar» til dømes).¹

Vidare har arbeidsgruppa lagt til grunn ei tolking av «fagovergripande temaer eller områder» som ikkje fullstendig overlappar med «tverrfagleg forskning». Der det siste refererer til former for forskningssamarbeid på tvers av faggrenser, refererer det første til tematisk klassifisering av forskning, uavhengig av om forskinga er tverrfagleg eller ikkje. Til dømes kan ein del av forskinga på HF seiast å falle inn under det fagovergripande området «helse» utan at dei enkelte forskingsbidraga nødvendigvis involverer tverrfagleg samarbeid.

I arbeidet med notatet har spørsmålet om forholdet mellom det å gjere forskinga meir synleg utanfor fakultetet («synleggjering») og det å identifisere og satse på fagovergripande område eller tematiske profilområde (jf. andre avsnitt i mandatet), vore ei kjelde til mykje diskusjon. Arbeidsgruppa meiner at dette er to ulike problemstillingar som bør handsamast kvar for seg. Betre synleggjering av forskingsaktiviteten og forskingsresultata ved HF for ålmenta er nødvendig, og potensialet er stort, men verkemidla kan ikkje vere dei same som verkemidla for å «stimulere tverrfagleg samarbeid». Notatet og tilrådingane frå arbeidsgruppa legg dette skiljet til grunn.

Mandatet reiser forskings- og fagpolitiske spørsmål for Det humanistiske fakultet ved Universitetet i Bergen som femner vidt. Det er krevjande å gje fullgode svar på desse spørsmåla med dei knappe ressursane arbeidsgruppa har hatt til rådvelde, både når det gjeld tidshorisont, tilgjengeleg arbeidskapasitet i gruppa, administrativ støtte, og tilgang til relevant datamateriale. Arbeidsgruppa har særleg brukt mykje tid til å samle inn og systematisere informasjon om fagovergripande forskning på Det humanistiske fakultet, og å samle relevant informasjon om praksis ved tilsvarande institusjonar i Norden.

¹ Jf. Klein, J. T. (2010), A taxonomy of interdisciplinarity. I: R.Frodeman, Klein, J. T., & Mitcham, C. (red.), *The Oxford handbook of interdisciplinarity*, Oxford: Oxford University Press.

2. Bakgrunn for arbeidsgruppas mandat og arbeid

Den vidare konteksten for spørsmåla mandatet tek opp, er å finne i forskingspolitiske føringar og prosessar på nasjonalt og overnasjonalt nivå slik dei kjem til uttrykk i til dømes EUs rammeprogram H2020, Regjeringas langtidsplan for forskning og høgre utdanning 2015–2024, Forskringsrådets utkast til ny strategi 2015–2020, samt i det pågåande strategiarbeidet for UiB og HF (Strategisk plan for 2016–2022).

Den enkelte forskar har etter Universitets- og høgskolelova ansvar og fridom til sjølv å velje forskingstema og metode.² Samstundes er universitetet eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter finansiert i hovudsak med offentlege midlar. Eksterne finansieringskjelder knyter med få unntak forskingsfinansiering til eit avgrensa utval av forskingstema og er slik med på å styre kva retning forskingsaktiviteten tek. Saman med sterke insentiv frå universitetets side til å søkje ekstern finansiering, medverkar dette til spenninga mellom fridom og styring, som er den vidaste konteksten for arbeidsgruppas arbeid.

2.1. Intern og ekstern grunngjeving for tverrfagleg forskning

Satsing på tverrfagleg forskning vert i desse dokumenta som elles i forskingspolitisk debatt i hovudsak grunngjeve på to måtar. Den eine kan vi kalle den eksterne grunngjevinga, den andre den interne eller faglege. Begge grunngjevingsmåtar finst i bakgrunnen for mandatet.

Den eksterne grunngjevinga tek utgangspunkt i at vitenskapleg forskning er relevant i det politiske arbeidet for å løysa komplekse utfordringar (problem) som samfunnet står overfor. Fordi desse problema mest aldri er inndelt etter disiplingrensar, er det nødvendig å setje saman og integrere kunnskap frå ulike disiplinar for å få grep om dei. Samansette problem krev samansett forskning.

Den interne grunngjevinga tek utgangspunkt i at vitenskapleg forskning dei siste 200 åra har blitt gradvis meir spesialisert og differensiert. Det viser seg mellom anna i auken i talet på disiplinar. Differensieringa i disiplinar og underdisiplinar har institusjonelle, sosiale og epistemologiske konsekvensar. Emne som tidlegare hadde fagleg kontakt i ein «moderdisiplin» kan misse denne ved at nye faglege og institusjonelle grensar gjer fagleg utveksling vanskelegare. Spesialisering og fordjuping i ein underdisiplin kan få fram ny kunnskap som ikkje ville vore tilgjengeleg for moderdisiplinen. Samstundes kan den faglege fordjupinga føre til «tunnelsyn» og vere til hinder for fruktbar tverrgåande fagutveksling. I slike situasjonar kan det vere reint faglege grunnar for å drive, og leggje til rette for, forskning på tvers av disiplingrensar.

Ekstern og intern grunngjeving for tverrfagleg forskning går ofte hand i hand, men typisk vil politiske føringar og styringsdokument vere dominerte av ekstern grunngjeving, medan ein typisk vil finne at den interne grunngjevinga er dominerande frå akademisk hald.

EUs 8. rammeprogram eksemplifiserer den eksterne grunngjevinga. Programmet er organisert rundt «utfordringar» snarare enn fagområde, noko som signaliserer at forskning og utvikling har ansvar for å bidra til å løysa politiske, sosiale og tekniske samfunnsutfordringar. Det

² Lov om universitet og høgskular § 1-5 https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-04-01-15?q=universitetsloven#KAPITTEL_1-1 (lasta ned mars 2015)

eksplisitte målet i H2020 når det gjeld humaniora og samfunnsvitenskap, er at deira faglege perspektiv og forskning skal vere «innebygde» («embedded») i tverrfagleg utfordringsorientert forskning.³ Motvekta til denne «utfordringsdrivne» forskinga er ERC-delen av programmet, som i mindre grad er innretta mot samfunnsutfordringar og som også kan finansiere disiplinbasert grunnforskning.⁴ Også i ERC-delen av programmet vert det oppmoda til tverrfaglege prosjekt, men då med utgangspunkt i den interne grunngevinga. Ei liknande todeling finn vi att i Noregs Forskningsråd sitt skilje mellom programstyrt forskning og fri prosjektstøtte (FRIPRO).

UiBs strategiske plan for 2016–2022 er under arbeid og det er førebels uklart på kva måte ei tilsvarande inndeling vil bli artikulert der. I den gjeldande strategiplanen (2011–2015) er den interne grunngevinga lagt til grunn:

Det grunnleggende prinsippet for etablering av tverrfaglig samarbeid er god faglig kvalitet og kompetanse i hvert av de fagmiljøene som deltar. Frie faglige interesser må ligge til grunn for tverrfaglighet og må være styrende for faglig innretning og perspektiv. Ressursene til å støtte opp om tverrfaglig samarbeid er primært i fagmiljøene, men hele universitetet skal bidra til å utvikle slikt samarbeid.⁵

NFRs utkast til ny strategi eksemplifiserer derimot den eksterne grunngevinga:

Land og samfunn blir stadig mer sammenvevd, og endringsprosesser og utviklingstrekk i andre deler av verden påvirker det norske samfunnet i større grad enn tidligere. Større forståelse av politisk kultur, samfunnsmessig tillit, majoritets- og minoritetsrelasjoner og av forvaltningen av det flerkulturelle samfunnet er nødvendig. Det er behov for forskningsbasert kunnskap om hvordan endringene påvirker norske relasjoner mot andre deler av verden, og om hvordan Norge gjennom vår politikk kan påvirke de globale endringsprosessene. En bred forståelse av de kulturelle forutsetningene for samfunnsutviklingen er nødvendig.⁶

Tilsvarande i Stortingsmelding 7 (2014-2015) *Langtidsplan for forskning og høgare utdanning*:

Det er i møtet med mennesker, organisasjoner og kulturer at kunnskapen tas i bruk. For å lykkes med nye løsninger, enten det er omstilling, tilpasning eller nye teknologiske løsninger, trengs perspektiver fra fagretninger som humaniora, helse- og omsorgsfag og samfunnsvitenskap. Dette er avgjørende for å få økt forståelse for

³ <http://ec.europa.eu/programmes/horizon2020/en/area/social-sciences-humanities> (lasta ned mars 2015).

⁴ http://ec.europa.eu/research/participants/data/ref/h2020/wp/2014_2015/erc/h2020-wp1415-erc_en.pdf (lasta ned mars 2015).

⁵ http://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/w2/st/strategi_2011-15_web_1.pdf, s. 10 (lasta ned mars 2015).

⁶ Forskning for innovasjon og bærekraft. Utkast til ny hovedstrategi for Norges forskningsråd 2015–2020, s. 9; <http://www.forskningsradet.no/servlet/Satellite?blobcol=urldata&blobheader=application%2Fpdf&blobheaderna me1=Content-Disposition%3A&blobheadervalue1=+attachment%3B+filename%3D%22Nyhovedstrategihøringsversjonen.pdf%22&blobkey=id&blobtable=MungoBlobs&blobwhere=1274505521440&ssbinary=true> (høringsutkast 7. oktober 2014, lasta ned mars 2015).

hvilke løsninger som er mulig å gjennomføre i samfunnet, og hvordan dette kan gjøres på best mulig måte.⁷

Sondringa mellom ekstern og intern grunngeving kan klargjere forholdet mellom bruksretta (anvendt) forskning og tverrfagleg forskning. Tverrfagleg forskning kan vere bruksretta, men er det ikkje nødvendigvis. Tverrfaglege perspektiv kan vere føremålstenlege av reint faglege grunnar.

2.2. Situasjonen i humaniora

Det er naturleg å sjå oppnemninga av arbeidsgruppa i lys av 1) arbeidet med UiBs strategi for 2016–2022, 2) det svake innslaget av humanistiske fag og perspektiv i dette arbeidet, samt 3) negativ tendens for HF når det gjeld eksternt finansierte prosjekt, mellom anna i den siste tildelinga frå Fri prosjektstøtte (FRIPRO) i Forskringsrådet. Desse punkta bør sjåast i lys av generelle tendensar nasjonalt og internasjonalt, der diskusjonen lenge har gått om eit humaniora i «krise». Denne såkalla «krisa» blir knytt til dårlegare økonomiske rammevilkår, færre studentar og meir generelt til ei «legitimeringskrise». Både *Humanities World Report* (2015)⁸ og rapporten *Hva skal vi med humaniora?* (2014)⁹ tek utgangspunkt i ei slik forståing av krise, som dei på ulike måtar nyanserer og stiller spørsmålsteikn ved.

Jordheim og Rems undersøkingar i *Hva skal vi med humaniora?* tyder på at det er ei generell semje om at humaniora er særskild viktig for samfunnet, også i den allmenne offentlegheita.¹⁰ Humanistiske perspektiv blir vektlagt som sentrale både for moderne kunnskapsproduksjon og for allmenndanninga. Dette er også område dei humanistiske forskarane sjølve dreg fram for å legitimere eiga verksemd. I *Humanities World Report* får eit utval humanvitskapelege forskarar frå heile verda spørsmål om kva for argument dei ville ha brukt for å overtyde finansieringskjeldene i sine respektive heimland om å løyve pengar til humaniora. Svare fordeler seg på følgjande ni argument: 1) eigenverdien av humanistisk vitskapeleg tenking og forskning, 2) den sosiale verdien til humaniora, 3) humanioras betydning for samfunnets arv, kultur og minne, 4) humanioras bidrag til økonomisk vekst, 5) bidrag til andre vitskapelege disiplinar, 6) bidrag til innovasjon, 7) kritisk tenking, 8) personleg og åndeleg utvikling, 9) estetisk danning.¹¹ Dette teiknar eit bilete av humanistiske fag si rolle for individ og samfunn som står i sterk kontrast til det før nemnde krise-perspektivet.

Også i *Hva skal vi med humaniora?* vert det peika på at humanistar har relativt sett stor påverkningskraft på samfunnsutviklinga, trass i at dei sjeldan står fram som ei samla gruppe. Dette skuldast det store talet humanistar i skuleverket, i media, i politikken og i kulturlivet. Den såkalla legitimeringskrise kan difor sjå ut til å vere overdriven. Likevel får dei

⁷ Stortingsmelding 7 (2014–2015); <https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/Meld-St-7-20142015/id2005541/?docId=STM201420150007000DDDEPIS&ch=1&q=> (lasta ned mars 2015).

⁸ Holm, P., Jarrick, A., & Scott, D. (2014), *Humanities World Report 2015*. Palgrave Macmillan; www.lmt.lt/download/4557/humanities%20report%202015.pdf (lasta ned mars 2015).

⁹ Jordheim, H., & Rem, T. (2014), *Hva skal vi med humaniora? Rapport om de humanistiske fagenes situasjon i Norge*. Oslo; http://www.frittord.no/images/uploads/files/Hva_skal_vi_med_humaniora_final.pdf (lasta ned mars 2015).

¹⁰ Sjå mellom anna kapittelet «Diagnose», ibid. s. 65–67.

¹¹ Ibid. s. 12. Kapittel to i rapporten, «The Value of the Humanities», er ei gjennomgang av desse argumenta.

humanistiske faga relativt lite av dei offentleg løyvde, eksterne forskingsmidlane.¹² Det kan vere ulike grunnar til dette, mellom anna at humanistisk forskning er «billig», at den ikkje vert rekna som direkte relevant for dei store utfordringane samfunnet står overfor, at humanistisk kunnskap ikkje på same måte som enkelte andre fagområde gir lovnader om kommersialisering, innovasjon, eller ressursar for politikktutforming. Det kan og skuldast at ein tenkjer seg at humanistisk forståing er noko ein «har» og som ein ikkje treng utvikla i like stor grad som andre vitenskapar. Jordheim og Rem (n. 9) peikar og på at Noreg har ei særlege finansieringsordning, der dei ulike departementa løyver pengar til forskning gjennom NFR. Det viser seg at kulturdepartementet, som kanskje ligg humaniora nærast, ikkje går inn i NFR på langt nær i like stor grad som dei andre departementa.¹³

Trass i dette har humaniora i Noreg over tid hatt relativt gode vilkår gjennom ein stabil nasjonal økonomi og gode statlege finansieringsordningar. Dette kan raskt endre seg, noko vi allereie ser teikn til. I tillegg kan det synast som om det er eit misforhold mellom den typen grunnleggjande forskingssspørsmål humaniora reiser, og den rolla humanistiske perspektiv er tiltenkt i forskingspolitiske styringsdokument. I *Regjeringens langtidspan for forskning og høgere utdanning 2015–2024* Meld. St 7 (2014–2015) er humaniora gjennomgåande nemnd i samanhengar der det trengs kunnskap og strategiar for å gjere *anna* forskning *relevant*. Her heiter det mellom anna at humanistiske perspektiv er «avgjørende for å få økt forståelse for hvilke løsninger som er mulig å gjennomføre i samfunnet»; dei «gir viktige bidrag til forståelsen av hvordan klimaforskningen kan gjøres mer relevant. (...) hvordan klima- og miljøtiltak kan forvaltes og gjennomføres på en effektiv måte»; dei bidrar til å «forstå og håndtere effekter av endringene og møte samfunnets og næringslivets omstillingsbehov på en kostnadseffektiv måte» og til «å fremme en ansvarlig teknologiutvikling», «innovasjon» og til å «møte samfunnsutfordringer».¹⁴ Går ein til Forskningsrådets utkast til strategi 2015–2020, finn ein desse punkta oppsummerte i påstanden om at det er naudsynt med «[e]n bred forståelse av de kulturelle forutsetningene for samfunnsutviklingen», då knytt til relasjonen mellom Noreg og omverda.¹⁵

Humaniora inngår såleis på den eine sida i ei instrumentell nyttetenking på faglege premisser som ikkje er hennar eigne. På den andre sida kan ein argumentere for at det er nett dei same premissane som gjer at humaniora slett ikkje er råka av ein så alvorleg legitimeringskrise som somme hevdar. Humanioras eventuelle eigenverdi er likevel ikkje reflektert i desse strategiane. Det same gjeld for den til 2014 gjeldande strategien til NFR, der humaniora berre er nemnt ein gong heilt eksplisitt; ho får da tildelt ein «utfyllanda» funksjon, der ho i koordinert samarbeid med samfunnsfaga skal bidra til auka forståing av dei «kulturelle forutsetningene for samfunnsstyring, individualisering, forbruksmønstre, innovasjon, teknologiutvikling og internasjonal samhandling».¹⁶ Humanioras fremste oppgåve er med

¹² Mellom anna gjekk bare 3% av dei totale forskingsmidlane fordelt gjennom NFR til humanistiske fag i 2012 (Jordheim og Rem, *ibid.* s. 86). Humanistiske fag er også i liten grad inne i næringslivsstøtta forskning og i instituttsektoren (sjå kapittel 5 i Jordheim og Rem).

¹³ *Ibid.* s. 75.

¹⁴ <https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/Meld-St-7-20142015/id2005541/?docId=STM201420150007000DDDEPIS&ch=1&q=> (lasta ned mars 2015).

¹⁵ <http://www.forskningsradet.no/servlet/Satellite?blobcol=urldata&blobheader=application%2Fpdf&blobheadername1=Content-Disposition%3A&blobheadervalue1=+attachment%3B+filename%3D%22Nyhovedstrategihøringsversjonen.pdf%22&blobkey=id&blobtable=MungoBlobs&blobwhere=1274505521440&ssbinary=true> (lasta ned mars 2015).

¹⁶ http://harek.forskningsradet.no/docs/Strategi_hoved.pdf; s. 10 (lasta ned mars 2015).

andre ord å reie grunnen for kunnskapssamfunnets utbreiing i en global kontekst. Rett nok vert det og sett av frie midlar til humaniora gjennom FRIPRO. Det er likevel symptomatisk for underordninga av humaniora at desse midlane ikkje lenger vert kanaliserte gjennom eit dedisert program for humaniora, men gjennom det samanslåtte FRIHUMSAM, med eit styrka krav om prosjekt med samfunnsmessig relevans.

Det finst fleire måtar for humaniora å stille seg til desse føringane på. Ein kan gå med på premissane og i større grad legge vekt på å utvikle nyttebaserte, instrumentelle prosjekt med direkte relevans for samfunnsutviklinga. Eller ein kan gå inn på premissane samstundes som ein vektlegg det som måtte vere dei humanistiske (og samfunnsfaglege) perspektiva sin *eigenart*, som til dømes grader av historisering og kritisk refleksjon. I staden for å «leggje til rette for kostnadseffektivitet», kan ein kritisk undersøkje kvifor og på kva måtar kostnadseffektivitet vert brukt som eit mål på suksess. Ein tredje veg er å jobbe strategisk og (fag)politisk for 1) å styrke dei særegine humanistiske temaområa sin verdi og 2) å auke summen av frie midlar slik at den *vitskapelege* relevansen av forskinga vert (minst) like viktig som den *samfunnsmessige*. Her kan ein og argumentere for at universitetets (samfunns)verdi, slik den tradisjonelt har blitt forstått, er å vere ein fristad for tenking, lausrive frå beinveges samfunnsnytte, slik til dømes Toril Moi har gjort det ved fleire høve.¹⁷ Desse alternativa er ikkje nødvendigvis gjensidig utelukkande, men kan sjåast som komplementære.

3. Kriterier for profilområde

Kva for kriterium bør eventuelt leggjast til grunn dersom HF bestemmer seg for å etablere tematiske profilområde? Det finst allereie ved HF noko som kunne kallast *de facto* profilområde, i form av tverrfagleg forskingsaktivitet basert mellom anna på forskargruppene ved fakultetet. Også før fakultetet vart organisert i storinstitutt og formaliserte forskargrupper, fanst slike ikkje-formaliserte fagovergripande samarbeid på institutta, til dømes gjennom det produktive samarbeidet mellom religionsvitskap, klassiske språk og russisk språk og litteratur ved Institutt for Klassisk, Russisk og Religionsvitskap (IKRR). Seinare har slike samarbeid blitt formalisert i større eller mindre grad, til dømes i prosjektet POLYFON ved Griegakademiets senter for musikkterapiforskning som er eit formalisert samarbeid mellom Griegakademiet, forskning i randsona ved Uni-Helse, og offentlege og private helseinstitusjonar. I tillegg ligg to tverrfakultære forskings- og undervisningssentra, SVT og SKOK, inn under det humanistiske fakultetet.

Kartlegging av slike *de facto* profilområde ved fakultetet, av kva som i dag faktisk går føre seg av fagovergripande forskning, bør vere ein del av kunnskapsgrunnlaget for eit eventuelt val av tematiske profilområde. Tematisk sett samlar forskinga ved HF seg i eit knippe særskilt produktive fagovergripande forskingsområde. Som vedlegg til dette notatet ligg eit oversyn over den relative storleiken på vitskapeleg produksjon innanfor nokre slike fagovergripande område. Enkelte av desse har vore framme i diskusjonane om Universitetets strategiplan for 2016–2022. Dei områda som vart kartlagde er ordna under merkelappane «Eldre tider», «Globalitet, grenser og kulturmøte», «Helse», «Klima», «Konflikt og krise», «Hav», «Skandinaviske studiar», og «Språkvitskap». Kartlegginga har teke utgangspunkt i eit

¹⁷ Sjå mellom anna hennar artikkel «Hvordan skal vi forsvare humaniora?», i *Nytt Norsk Tidsskrift* nr.3, 2011, s. 273–283.

oversyn over poenggivande vitenskapleg publisering i perioden 2009–2013. Kunstnarleg utviklingsarbeid inngår ikkje direkte i oversikta, ettersom dette ikkje vert dokumentert gjennom poenggivande publikasjonar. Ei løysing på dette kunne vere å samle kunstnarleg utviklingsarbeid under eit eige område/profil, eventuelt synleggjere på kva måtar det inngår i dei skisserte fagovergripande områda slik det er gjort greie for i appendix 1.

Tematiske profilområde kan altså vere noko som veks fram utan særleg tilrettelegging frå fakultetets side, og kan ta form av forskargrupper eller enkeltforskarars vitenskaplege produksjon innanfor området. Slike «sjølvgrodde» profilområde treng ikkje nødvendigvis ha ein privilegert status i høve til resten av fakultetet, anna enn gjennom synleggjering. Likevel synest det underforstått i profileringsomgrepet ei eller anna form for satsing. Dersom profileringa skal innebere ekstra innsats i form av økonomisk omfordeling på fakultetet, må tydlege kriterier for utval og truleg nye former for organisering utarbeidast.

Arbeidsgruppa har også gjort ei analyse av ei samling jamførbare institusjonar i inn- og utland. Denne vert presentert i appendix 2 nedanfor. Det er ulik praksis ved dei undersøkte institusjonane, men tre hovudmodellar peikar seg ut: 1) Satsingsområde som vert definerte på grunnlag av søknader frå fagmiljøa til midlar utlyst av fakultet eller universitetet sentralt, 2) satsingsområde definert på bakgrunn av lokale, nasjonale, eller overnasjonale (EU) prioriteringar, og 3) satsingsområde definert på bakgrunn av eksterne fagevalueringar. På bakgrunn av jamføringa med andre HF-fakultet i Norden har arbeidsgruppa definert tre modellar for å tenkje profilering av tverrfagleg forskning. Desse er skisserte nedanfor. Modellane kan seiast å ha ulike *foci*, med delvis overlappende seleksjonskriterium.

1. Satsingsområde definert på grunnlag av søknader frå fagmiljøa, utlyst av fakultet eller universitet.

Fleire universitet, inkludert Oslo (UiO) og Trondheim (NTNU), har definert satsingsområde gjennom ein søknadsprosess med påfølgjande fagfellevurdering. Prosjekta som har fått tilslag i Oslo får etter tildelinga status som «tematiske forskingsområde». Når det gjeld kva ein ønskjer å oppnå med desse forskingsområda, så ser det ut til at formålet er å auke forskningssamarbeid på tvers av både institutt- og fakultetsgrenser (minimum to institutt involvert), samt å kunne utvikle prosjekt og søknader som kan nå opp i konkurranse om eksterne forskingsmidlar. Dei tematiske forskingsområda er i sin struktur forskingsprosjekt. Det same er tilfelle ved NTNU, der satsingsområda vert kalla «spydspiss-prosjekt». Denne framgangsmåten finn ein att ved fleire universitet i dei nordiske landa. Arbeidsgruppa har ikkje fullgod kunnskap om korleis desse satsingane vert finansiert av institusjonane, særleg ikkje i land utanfor Noreg. Ved UiO og NTNU har fakulteta kanalisert sine eigne ressursar til desse utlysingane slik at dei har ført til ei omfordeling av forskingsmidlar innanfor fakultetet.

Ved Københavns Universitet (KU) har universitetet sentralt lyst ut «Stjerneprogram for interdisciplinær forskning», som fungerer tilsvarande spydspissprosjekta ved NTNU og «tematiske forskingsområde» ved UiO, men på universitetsnivå i staden for på fakultetsnivå. HF ved KU har styrarrolle i 3 av prosjekta i stjerneprogrammet og er deltakar i totalt 15. KU sette av nærare ein halv milliard kroner til denne satsinga, som vart lansert i 2008. Midlar frå Stjerneprogrammet for interdisciplinær forskning vert tildelt etter søknad og etter vurdering av eit internasjonalt evalueringspanel. Alle prosjekta har ei tverrfagleg og tverrfakultær innretning. Også Aarhus Universitet (AU) har ei tilsvarande satsing på eit «tverrfagleg

forskningsinitiativ» som gir grunnfinansiering til 7 forskingssenter «hvor sterke forskergrupper fra forskjellige hovedområder går sammen og integrerer informasjon, data, metoder, begreber og teorier med henblik på at utføre grundforskning eller løse problemer, der kræver kombineret viden fra flere forskningsdiscipliner.»¹⁸

Når det gjeld kriteria for tildeling av midlar i desse satsingane ser det ut til å vere fagleg kvalitet og tverrfagleg eller tverrfakultær innretning som er styrande. Kriteria for vurderinga av søknadane til satsingsområda ved UiO var:

- Kvalitet – i høve til både søknadsskisse og fagmiljø
- At tematikken har samfunnsrelevans
- At forslaga representerer genuint nye prosjekt og ikkje berre ei vidareføring av eksisterande forskingsprosjekt
- At forskingsområda som heilskap utfyller kvarandre gjennom å famne om store delar av fakultetet si forskingsverksemd.

UiO, NTNU, KU og AU opererer alle med ein modell for tematiske satsingsområde som har til felles at:

- Dei tematiske områda vert definerte gjennom fagleg evaluering av forslag (søknader) frå forskingsmiljøa ved institusjonen, det vil seie «nedanfrå og opp».
- I evalueringane vert vitenskapleg kvalitet og tverrfagleg innretning sterkt vektlagt. Når satsingane vert utlyst av universitetet sentralt slik tilfellet er ved KU og AU, vert det kravd samarbeid også på tvers av fakultet/hovudområde, medan samarbeid på tvers av institutt synest å vere kravet når midlane vert lyste ut ved humanistiske fakultet (UiO og NTNU).
- Satsingane vert finansiert ved omfordeling innanfor budsjettet til det enkelte fakultet/universitet. Dette inneber reduksjonar i løyvingar til andre fagområde/fagmiljø.

2. Satsingsområde definert på bakgrunn av lokale, nasjonale, eller overnasjonale (EU) prioriteringar og forskingspolitiske rammer.

Denne strategien for val av satsingsområde har vi særleg funne ved dei svenske institusjonane (Stockholm, Uppsala, Lund), og særleg på overordna universitetsnivå. Den svenske regjeringa la i 2008 fram ei liste over 20 «strategiske forskingsområde»¹⁹ som i perioden 2010–2014 vart tilført vel 5 milliardar kroner fordelt på 43 forskingsmiljø frå universitet og høgskular. Midlane vart tildelt etter søknader.²⁰ Mellom dei 20 satsingsområda er humaniora representert i satsinga på Midtaustenforskning og forskning på Russland (forskning på «Politiskt viktiga geografiska regioner»).

¹⁸ <http://www.au.dk/forskning/forskningscentre/interdisciplinaereforskningscentre/> (lasta ned mars 2015).

¹⁹ <http://www.regeringen.se/content/1/c6/11/39/57/2f713bd9.pdf> (lasta ned mars 2015).

²⁰ <http://www.vr.se/amnesomraden/amnesomraden/strategiskaforskningsomraden.4.790ed98e123c73e0f318000858.html> (lasta ned mars 2015).

Kriteria for tildeling er i tillegg til vitenskapelig kvalitet, at forskinga kan bidra til å fylle store samfunnsbehov og løysa viktige samfunnsproblem og bidra på område med band til det svenske næringslivet.²¹ Denne modellen for val av satsingsområde er kjenneteikna av høg grad av politisk styring, og må karakteriserast som ein hovudsakleg «top-down»-modell, sjølv om valet av konkrete prosjekt skjer etter søknad frå forskingsmiljøa og institusjonane.

3. Satsingsområde definert på bakgrunn av ekstern forskningsevaluering

Det historisk-filosofisk fakultetet ved UU, som omfattar alle humanistiske fag utanom språk, religion og lærarutdanning, har valt å profilera seg gjennom «forskningsnoder», nærare bestemt sju definerte tverrfaglege forskingsområde:²²

- Tidigmodern kulturhistoria
- Kultur – Makt – Medborgarskap
- Mind and Nature
- 1700-tal: Sverige i världen – världen i Sverige
- KUSKO - Kunskapsamhällen: kommunikation och organisation 1800-2020
- Förintelse- och folkmordsstudier
- Den goda staden. Urbanism och social förändring

Bakgrunnen for satsinga på og valet av forskningsnodar var ein evalueringsrapport for UU, *Quality and Renewal 2011: An overall evaluation of research at Uppsala University 2010/2011*.²³ Rapporten hadde til oppgåve «to identify strong areas of research and successful research constellations at Uppsala University. Furthermore, it aimed at finding emerging science and identifying opportunities for new research by probing the standing of research at Uppsala University in national and international perspectives.»²⁴ Dei strategiske måla for profileringa er auka tverrfagleg samarbeid, større forskingsprosjekt, auka forskingsvolum, auka sjansar for yngre forskarar til å bli forskingsleiarar. Det vert lagt til grunn at desse nodane «kan få ett avsevärt ekonomiskt stöd». Dei skal drivast i minst tre år under kontinuerleg vurdering.

Ei tilsvarende organisering i satsingsområde basert på ekstern fagevaluering finn ein ved Aalto-universitetet i Finland (jf. Appendix 2).

21

http://www.vr.se/download/18.55b9d3b811f1773157280002325/Utlysning+strategiska+forskningsomraden_VR_2.pdf (lasta ned mars 2015).

²² <http://www.histfilfak.uu.se/Forskning/forskningsnoder/> (lasta ned mars 2015).

²³ <http://uu.diva-portal.org/smash/get/diva2:461235/FULLTEXT01.pdf> (lasta ned mars 2015).

²⁴ Ibid. s. 20.

4. Er tematiske profilområde ønskeleg?

Fleire viktige parameter, som til dømes fallande studentrekruttering og manglande gjennomslagskraft i konkurransen om forskingsprosjekt, har kvar for seg og samla framheva nokre sentrale og viktige utfordringar for HF på både kort og lang sikt. Dette skjer samstundes som fakultetet er inne i eit omfattande generasjonsskifte i høve til fast vitenskapleg personale. HF si framtid er i ferd med å bli utforma og Fakultetet har sjansen til å påverke utviklinga i ønskeleg retning. Mykje står på spel, handlingsalternativa kviler i lita grad på forskingsbasert kunnskap, og debatten om vegval er i stor grad ein debatt om verdiar, inkludert økonomiske. At situasjonen er uoversiktleg gjer det desto viktigare å signalisere tydeleg korleis vi ønskjer at HF skal sjå ut i framtida.

4.1. Kva tilseier tematisk profilering av forskinga ved HF?

Synleggjering. Eit aspekt ved den mykje omtala «humaniorakrisa» er at færre studentar ønskjer å studere humanistiske fag ved universitetet. Om denne trenden held seg, vil den kunne gje seg utslag i redusert basisløyving. I ei tid der humanistiske fag er under press, kan ein strategi vere å betre synleggjere kva som faktisk skjer ved institutta på HF, både når det gjeld forskning, undervisning og formidling. Ein synleggjeringsstrategi vil vere verdifull både internt på HF, eksternt overfor UiB sentralt, og for omverda. Den vil innebere å løfte fram kva det er som kjenneteiknar HF og kva dei humanistiske faga kan bidra med, til dømes når det gjeld å finne løysingar på viktige samfunnsutfordringar, både dei lokale og dei globale. Eit mogleg element i ein slik synleggjeringsstrategi kan vere å etablere «tematiske profilområde» som kan vise noko av den viktige forskinga som skjer ved HF. Dette kan og vere viktig i forhold til UiB sentralt, all den tid fakultetet vil vere med å konkurrere om midlar som eventuelt vert kanalisert inn i sentrale satsingsområde.

Eit samla HF. Eit anna og nærskyld argument er at ei tematisk profilering av HF si forskning vil kunne gjere det lettare for HF som fakultet å framstå som samla. Under føresetnad av at den nye strategien til UiB sentralt legg opp til ein kamp om tildeling av forskingsmiddel, kan det vere ein fordel at HF framstår som eit samla og slagkraftig fakultet. Tematiske profilområde på tvers av instituttgrenser kan bidra til dette. Ei slik satsing kan og gje forskarar ved HF nye incitament og idear til å søkje ekstern (og intern) finansiering. Eit ”samla” HF bør derimot ikkje til hinder for å dyrke og vise fram intern fagleg usemje, som er ei av de viktigaste drivkreftene i forskning.

Samfunnsrelevans. Noko som òg kan tale for tematiske profilområde, er auka forventningar til at forskinga skal framstå som aktuell og samfunnsrelevant. Ein måte desse forventningane kjem til uttrykk på er til dømes evalueringskategorien «impact»/«benefit and relevance to society» i finansieringskjelder som til dømes Forskingsrådet. Korleis kan HF få fram relevansen av humanistiske forskning for spørsmål og problemstillingar som er viktige i samfunnsutviklinga betre enn kva som er tilfelle i dag? Det er liten tvil om at mykje humanistisk forskning har slik relevans, men det ligg ei utfordring i å synleggjere den. Ein mogleg strategi kan vere å løfte fram tematiske profilområde med klar samfunnsrelevans. Ein anna strategi kan vere å vektlegge den *kritiske* dimensjonen ved HF og slik opne for ei breiare drøfting av sjølve omgrepet samfunnsrelevans. Utover dette vil slike tematiske profilområde òg ha potensial til å skape blest, debatt og diskusjon om forskinga ved HF, og dermed setje i gang prosessar som har verdi i seg sjølve. Ein slik tenkt effekt kan vere at forskinga vert meir synleg og kjem i framgrunnen i arbeidet som gjerast i ulike organ, som til dømes instituttråd og fakultetsstyret.

Framtidsutfordringar. Den økonomiske, politiske og kulturelle globaliseringa skaper eit aukande behov i samfunnet for kulturanalyse og historisk og språkleg spisskompetanse. Vår tids konfliktlinjer utviklar seg i aukande grad langs kulturelle, religiøse, kjønnsbaserte og språklege aksar som krev kritisk forståing, omsetjing og grensekryssande formidling. Utflagging av tradisjonelle verksemder og produksjonsformer gjer sitt til at mange norske kommunar og byar satsar på kultur som vekstnæring. Samhandling mellom kultur og samfunn er difor eit område i sterk vekst, noko som kan skape etterspurnad etter tverrfagleg humanistisk kompetanse (t. d. innan språk, kunsthistorie, kulturvitskap, historie og teatervitskap).

Ved å etablere tematiske profilområde kan fakultetet betre få fram korleis humaniora kan vere med å svare på desse utfordringane.

Betre samarbeid internt på HF. Sjølv om det i dag allereie er ein del tverrfagleg samarbeid mellom fag og institutt på HF, er det eit potensial for betring og utviding av slikt samarbeid. Dersom ein kan verte einige om tverrfaglege tematiske profilområder, vil det kunne opne opp for nye faglege konstellasjonar mellom fagmiljøa på HF.

Eit fleksibelt HF. Sjølv om forskinga sin eigenverdi for HF er viktig, lever vi i ei tid der HF må bli enno flinkare til å tilpasse seg og kritisk imøtegå endringar i samfunnet. Det ligg ei utfordring i å vise at humanistisk forskning er fleksibel og oppdatert. Tematiske profilområde kan vere eit av fleire verkemiddel for å synleggjere korleis HF ikkje berre evnar å tilpasse seg til dei endringar som til ei kvar tid skjer i samfunnet – men òg korleis og kvifor forskinga kan vere premissgjevjar for dei viktige debattane slike endringar gjev opphav til.

4.2. Kva taler mot tematisk profilering av forskinga ved HF?

HF si organisatoriske historie. Arbeidsgruppa meiner at ein er nøydd til å ta omsyn til fakultetet sin eigenart, akademiske kultur og historie. HF si nære organisatoriske historie er prega av ein større omorganiseringsprosess, frå mange små til færre store institutt. Ein måte å sjå den organisatoriske endringa på kan vere som ei form for desentralisering av fakultetet. I denne prosessen har ein bygd opp storinstitutta sin autonomi, med mellom anna overføring av stadig fleire og større arbeidsoppgåver frå fakultetet – mellom anna forskarutdanninga. Prosessen med omorganisering har vore krevjande for HF sine fagmiljø. Ein kan derfor argumentere for at ein ny prosess med å samle seg om tematiske profilområde vil kunne bidra til splitting av fag- og instituttmiljø som no fungerer relativt godt og har funne fram til gode samarbeidsmåtar.

Autonomi. Eit anna argument er at det er vanskeleg, og kanskje heller ikkje ønskeleg, å finne samlande tematiske område for forskinga ved fakultetet. Det er vanskeleg fordi dei einskilde faga er så ulike, og det er kanskje ikkje ønskeleg fordi fagmiljøa ved HF ser seg meir tente med å profilere egne prosjekt snarare enn å bidra til tverrfaglege tematiske profilområder definerte på fakultetsnivå. Det er dei einskilde fagmiljøa som har best føresetnad for å definere kva slags tverrfagleg forskning dei er mest tente med. For nokre fagmiljø vil det passe betre å samarbeide med fagmiljø utanfor HF, og gjerne med fagmiljø utanfor UiB og landets grenser. Her kan ein òg legge til verdien av at einskildforskarar får arbeide i fred med egne prosjekt – noko som tross alt er ein viktig del av HF sin akademiske kultur. Ein bør vere varsam med å kaste denne tradisjonen på båten i iveren etter å gjere kortsiktige strategiske tilpassingar. Det er ikkje slik at all forskning treng ekstern finansiering eller å vere «stor» for å

vere viktig, relevant og av høg kvalitet. Det er heller ikkje sikkert at konsentrasjon av midlar er det som gjev best forskingsmessig avkastning. Her er ordninga med smådriftsmiddel eit eksempel på korleis fakultetet gjennom institutta kan generere høg aktivitet. Desse midla avgjer gjerne om eit forskingsmessig tiltak vert realisert eller ikkje. Det er og fleire døme på at smådriftsmidlar har fungert som såkornmidlar som har leia til større prosjekt. Slik sett kan ein gjerne hevde at valet mellom å konsentrere større delar av fakultetet sine midlar eller ikkje, er eit val av investeringsstrategi så vel som kva akademisk kultur ein ønskjer å fremje. Val av investeringsstrategi inneberer at ein må ta stilling til kva grad av risiko ein ønskjer å ta, og sjå dette opp mot mogleg potensiell avkastning. Skal ein i ein slik strategi gå inn tungt innanfor nokre svært få prosjekt, eller skal ein gå ut breiare og dermed spreie både risiko og sjansar for gevinst? Kor tungt ønskjer ein eventuelt å gå inn? Og korleis vil ein vurdere tilhøvet mellom eiga investering og sannsynet for at denne investeringa lønner seg i den forstand at den vil generere nye, eksterne inntekter i form av forskingsprosjekt finansierte utanfrå? Vil det å gå tungt inn i nokre få prosjekt/miljø vere ein betre strategi enn såkornmodellen? Og vil ikkje ein konsentrasjon av forskingsressursar også kunne føre til ein akademisk kultur der ein vert redd for å ta fagleg risiko? Skal ikkje HF vere ein stad der ein framleis kan og vil ta fagleg risiko?

Fare for strategiske tilpassing. Profileringsprosess kan og føre til strategiske tilpassingar ved dei enskildte fag og institutt, noko som igjen gjer faga sin autonomi og identitet veikare i jaget etter å tilpasse seg definerte profilområde. Heile denne prosessen kan dermed virke framandgjerande og også undergrave fagleg kvalitet. Ei kortsiktig vektlegging av strategiske profilområde – som til ei viss grad vil vere tilpassa forskingspolitiske omsyn – kan gjere det vanskeleg for faga og institutta å tenke langsiktig omkring eiga forskning. Dette er kanskje særlig problematisk for eit fakultet som HF, all den tid forskinga som skjer her er kjenneteikna, i alle fall delvis, av evna til å sjå dei store linjene og til å stille dei store spørsmåla.

Kostnader. Erfaringar frå andre universitet både i Noreg og elles, viser og til dels store utfordringar knytt til kriterium for val av profilområde, prosessar knytt til å velje dei konkrete prosjekta/områda ein vil gå inn for, og ikkje minst kva slike satsings/profil/spydspiss/eksellens/klyngeområde inneberer. Med mindre ein berre tenkjer seg ei minimumsordning avgrensa til retorikk og slagordseffektar, herskar det liten tvil om at slike satsingar vil legge band på midlar på fakultetsnivå. Det vil i så tilfelle i praksis innebere ei flytting av makt og ressursar frå institutt og senter til fakultetsnivå.

Skeiv fordeling av forskingsmidlar. Eit anna poeng er at det å introdusere tematiske profilområder kan føre til at vi får eit fakultetssystem som premierar forskarar og forskingsmiljø som er dyktige til å manøvrere seg i det fakultetspolitiske landskapet. Dermed profilerast ikkje nødvendigvis den beste forskinga ved HF, men den som er mest tilpassingsdyktig. Dersom tematiske profilområde på fakultetsnivå inneber konsentrasjon av ressursar til profilområda på kostnad av ressursar til andre forskingsområde, utan at friske midlar vert tilført, hamnar vi i ein situasjon med null-sum-spel som gir lite meining.

4.3. Oppsummering

Over har vi lista opp og diskutert nokre av dei viktigaste argumenta for og i mot tematisk profilering av forskinga ved HF. Arbeidsgruppa har vore einige når det gjeld argumenta, men har vore delt i synet på styrkeforholdet mellom dei. Nokre har meint at argumenta mot ei tematisk profilering er sterkare enn argumenta for. Omsynet til ivaretakinga av autonomi for

institutta og HFs organisatoriske historie står opp under ein slik konklusjon. Gitt tidlegare omstillingsprosessar ved fakultetet der ein no i stor grad har lukkast med å bygge opp store og autonome institutt, er det lite ønskeleg no å bygge ned desse velfungerande fag- og instituttmiljøa ved å satse på strategiske tilpassingar til tematiske profilområde. Det er viktigare at institutta framleis har ei stor grad av fridom i utforminga av eiga forskning. Kvalitet vil uansett være det viktigaste kriterium for om forskinga er verdt å satse på. Andre medlemmer av arbeidsgruppa har meint at argumenta for tematisk profilering på visse vilkår veg tyngre enn argumenta mot. Det viktigaste vilkåret er at den tematiske profileringa skjer «nedanfrå» der forskarane sjølv utarbeider dei forskingsprosjekta som skal profilerast.

Trass i divergerande syn er arbeidsgruppa samde om at HF, uavhengig av om ein vel å gå inn for tematiske profilområde eller ikkje, må bli enno betre til å synleggjere kjerneverksemda ved HF; kva vi er gode på og kor vi ønskjer å bli enno betre. Det er eit paradoks at nettopp eit HF-fakultet ikkje har vore meir offensivt i høve til å skape og formidle forteljinga om seg sjølv. Arbeidsgruppa meiner at fakultetet bør etablere ei «sjølvstillitsforteljing» med sikte på å synleggjere og fremje den faglege aktiviteten ved HF. Ein slik synleggjeringsstrategi kan bidra til å skape ei positiv, felles forteljing om kva HF er gode på og kvifor forskinga ved HF er viktig. Dette kan bli et fellesprosjekt som kan virke samlande på fagmiljøa. Her er det verdt å understreke det ansvaret HF sjølv har for å synleggjere verdien av forskinga som skjer i fagmiljøa – både internt på fakultetet, i universitetsorganisasjonen og i ålmenta. Her bør ein vurdere å bruke eigne eller eksterne profesjonelle krefter til å hjelpe med utforming og formidling av denne forteljinga.

Det er ikkje nødvendigvis uheldig for HF ved UiB at diskusjonen om tematisk profilering av forskning kjem i etterkant av det som har skjedd i Oslo og Trondheim, kanskje snarare tvert imot. Det er vanskelig å sjå korleis modellen ved NTNU kan vere berekraftig på sikt. Dei fire «spydspissprosjekta» ser ut til å tilsvare FRIHUMSAM-prosjekta i omfang. Dei ser i tillegg ut til å vere eigenfinansiert. Ein slik sterk konsentrasjon av midlar samstundes som fakultetet ønskjer å redusere driftsunderskot samt å redusere talet på fast tilsette, gjer til at ein både har relativt høg risiko, samstundes som det er lite eller ingen midlar tilgjengeleg til fri forskning eller frie doktorgradsstipend. Vi meiner det er ein klar samanheng mellom fagleg fridom og kvalitet. Modellen frå NTNU ser ut som å vere noko ein absolutt ikkje bør forsøke å imitere; her er det eit heilt klart misforhold mellom tilhøvet mellom risiko og mogleg avkastning, og ikkje minst representerer den eit brot på akademisk kultur og praksis innan humaniora: at den frie forskinga skal stå i sentrum.

Det er kanskje vanskeleg å unngå at nokre midlar vert knytt opp til «satsing», men i tillegg til prosess er dimensjonering avgjerande. Her kan HF i Bergen skilje seg frå både Oslo og NTNU gjennom å ha større handlingsrom, vere meir fleksible og tilpassingsdyktige. Dette handlingsrommet – samt vektlegging av nedanfrå-og-opp-prosessar – kan gje oss både eit komparativt og absolutt fortrinn i høve til å kunne tiltrekkje oss studentar og forskarar samanlikna med dei viktigaste konkurrentane på nasjonalt nivå.

5. Oppsummering og tilrådingar

Den aukande konkurransen om forskingsmidlar, både internt ved UiB, og med andre universitetet og høgskular, gjer det nødvendig at fakultetet tar stilling til kva prioriteringar og profil ein ønskjer når det gjeld forskning. Når dei humanistiske fakulteta ved NTNU og UiO, samt ved fleire andre humanistiske fakultet i Norden, vel å spisse forskinga, og UiB sentralt ser ut til å gå inn for spissing og samling av forskning i klynger, bør HF ha ein klar strategi for framtida. Spørsmåla vi har drøfta i dette notatet er vanskelege å ta stilling til isolert sett, ettersom forskinga ved fakultetet er innvoven i utdanning og formidling på ein grunnleggande måte. Arbeidsgruppa vil understreke at strategiske val når det gjeld forskinga ved fakultetet også må sjåast i lys av dei andre to pilarane i kjerneverksemda, utdanning og formidling.

5.1. Premissar

I tråd med tolkinga av mandatet, vil arbeidsgruppa sine tilrådingar følgje eit skilje mellom det som gjeld synleggjering av forskinga ved fakultetet reint allment, og det som gjeld etablering av profilerte fagovergripande område og stimulering av tverrfagleg samarbeid. Når det gjeld det siste, legg arbeidsgruppa vidare til grunn at eventuelle tiltak alltid bør vurderast i høve til balansen mellom politisk styring og akademisk fridom. I dag er det *ikkje* den politiske styringa av forskning som er under press, men akademisk fridom til å velje forskingstema og metodar ut frå faglege omsyn.

Vidare bør eventuelle tiltak vurderast i høve til ein god balanse mellom ekstern og intern grunngeving for tverrfagleg forskning. Det er ein tendens til at ekstern grunngeving dominerer debatten om tverrfaglege satsingar i dag. Dette fører ikkje berre til eit fattigare omgrep om tverrfagleg samarbeid, men kan også føre til at ein overser moglege tverrfaglege samarbeid som ikkje er «utfordringsretta» (jf. del 2 ovanfor).

Arbeidsgruppa legg vidare vekt på at eventuell etablering av fagovergripande område/tematiske profilområde bør skje etter ein «nedanfrå-opp»-modell. Det vil seie at dei tematisk og metodisk vert utvikla av forskarane sjølve i form av fagovergripande og tverrfaglege prosjekt. Programstyrt forskning gjennom finansieringskjeldene (NFR, H2020 o.a.) utgjer ein stor del av den samla forskingsfinansieringa utanfor fakultetet. Fakultetet bør sjå det som si rolle å styrka den forskar- og faginitierte tverrfaglege forskinga.

Sist men ikkje minst vil arbeidsgruppa minne om det sjølvsegde, men ikkje trivielle faktum at god tverrfagleg forskning er avhengig av disiplinorientert forskning.

5.2. Tilrådingar

- Dersom fakultetet vel å etablere tematiske profilområde eller fagovergripande område bør prosessen vere søknadsbasert og starte på grunnplanet med utgangspunkt i dei forskingsinteressene og den kompetansen som finst der, heller enn å ta utgangspunkt i tematiske område som vert definert ovanfrå (nedanfrå og opp snarare enn ovanfrå og ned).
- Fakultetet bør kanalisere resultatbaserte omfordelingsmidlar frå eksternt finansierte prosjekt til forskingsaktivitet. Det er rimeleg at desse midlane i større grad vert tilbakeført til dei forskingsmiljøa som genererer RBO-midlane.

- Fakultetet bør i tillegg setje av ein del av den nemnde RBO-midlane til å finansiere utvikling av tverrfaglege forskingsprosjekt etter søknad frå fagmiljøa. Det vil vere ei systematisk reinvestering i forskning, som igjen på sikt kan leie til nye prosjekt og i sin tur generere nye RBO-midlar. Ei slik satsing kan få meir slagkraft om den vert etablert i samarbeid med andre fakultet, til dømes SV-fakultetet.
- Fakultetet bør sikre at tverrfaglege forskargrupper kan opprettast uhindra på tvers av institutt, sentra, fakultet og forskingsinstitusjonar, og på same vilkår som instituttinterne forskargrupper.
- Tverrfagleg forskning ved fakultetet bør setjast i samanheng med tverrfagleg undervisning. Å leggje til rette for tverrfagleg forskning må innebere også å leggje til rette for tverrfaglege undervisningsopplegg som kan dra nytte av denne forskinga. Dette bør vere gjennomførbart ikkje berre innanfor det enkelte institutt, men også på tvers av institutt og fakultet, i større grad enn det som er tilfelle no. Denne problemstillinga er svært aktuell for områdestudier og for andre utprega tverrfaglege felt, som til dømes kjønnsforskning. Gode ordningar for fordeling av studiepoengproduksjon vil vere eit viktig steg.
- Fakultetet bør arbeide for å sikre at ordninga med små driftsmidlar vert vidareført.
- Synleggjering og etablering av tematiske profilområde for forskning bør vere fråskilde prosessar. Synleggjering er ein naturleg del av fakultetets formidlingsstrategi, medan eventuell etablering av tematiske profilområde bør vere del av forskingsstrategien.
- Fakultetet bør utarbeide ein heilskapleg strategi for presentasjon og formidling av forskings- og undervisningsaktiviteten ved fakulteta til ålmenta. Her bør ein vurdere å bruke intern eller ekstern profesjonell kompetanse i utforminga av HF-forteljinga.
- Fakultetet bør treffe tiltak for å utarbeide ei systematisk oversikt over den tverrfaglege forskingsaktiviteten. I dag finst den ikkje, og dei datasetta som er tilgjengeleg i Cristin og DBH har ikkje koda informasjon som gjer det enkelt å skaffe seg slik oversikt. Erfaringane frå arbeidet i arbeidsgruppa tilseier at HF bør bruke ressursar på systematisk innhenting, bearbeiding og tilgjengeleggjering av relevant informasjon vedrørande forskingsaktiviteten ved fakultetet.

Appendix 1. Større fagovergripande område ved HF i Bergen

Gruppen har gjort ett försök att identifiera tvärvetenskapliga fält inom vilka HF i Bergen per idag är framträdande. Undersökningen är av rent kvantitativ art. Det empiriska materialet är en översikt över fakultetens poänggivande vetenskapliga produktion under åren 2009–2013. Undersökningen utgår från publikationernas titlar och publikationskanaler, utifrån vilka publikationerna har klassificerats som tillhörande givna tvärvetenskapliga fält (ingen hänsyn har tagits till huruvida de kan sägas vara resultatet av faktiskt tvärvetenskapligt samarbete). På grund av det ytliga och osäkra förfarandet med klassifikation utifrån titel är resultatet tentativt och bör behandlas med största försiktighet. Det ska i synnerhet inte förstås som om de nämnda fälten vore de enda tänkbara tvärvetenskapliga områdena inom vilka HF vid UiB utmärker sig. Resultatet presenteras i sammanfattning; den detaljerade undersökningen finns tillgänglig från gruppen vid förfrågan.

Vad gäller de givna tvärvetenskapliga fälten har fem av dem valts av gruppen, dels utifrån intuitiva ideer om vad som de facto utmärker HF i Bergen, dels efter brainstorming med fokus på strategisk potential. Därtill har tre av de av universitetet centralt diskuterade potentiella satsningsområden undersökts. De aktuella fälten är, i bokstavsordning, «Eldre tider», «Globalism, gränsöverskritt och kulturmöten», «Helse», «Klima», «Konflikt och kris», «Hav», «Skandinaviske studier» och «Språkvetenskap».

De relevanta publikationsposternas procentandel av hela produktionen har beräknats för varje år, dels oberoende av viktning, dels med hänsyn till viktade (för publikationsform, antal författare och nivå) publikationspoäng. I sammanfattningen nedan anges den senare siffran i genomsnitt för åren 2009–2013, samt spridningen från högsta till lägsta siffra, för att ge en antydning om felmarginal. Respektive fälts relevans för projekt med extern finansiering till och med minst 2016 anges också.

För att begränsa arbetsbördan har vi måst bortse från icke poänggivande publikationer, däribland doktorsavhandlingar och konstnärligt utvecklingsarbete som inte ens registreras i CRISTIN. En betydande del av den icke poänggivande verksamheten hänför sig till några av de fält som här visar sig vara stora, t.ex. den essäistisk och litterära journalistik som behandlar norsk och skandinavisk litteratur (A1.2). Det er òg en betydelig mengde kunstnerisk utviklingsarbeide som utføres ved Griegakademiet med fokus på tidligmusikk (spesielt med forskergruppen HiP-GA som fokuserer på musikk fra middelalder og senere) som kan inkluderes under (A1.1). Likeledes vil ser vi et tilsvarende fokus innenfor GA's kunstneriske utviklingsarbeid som kan knyttes til A1.2, der vi ser en betydelig satsing på norsk og lokal musikkarv for eksempel med kunstnerisk utviklingsarbeid knyttet til Grieg og samtidige, eller nyere norske komponisterts musikk. Til sist vil endel av det kunstneriske utviklingsarbeidet kunne falle inn under (A1.3), dette gjelder for eksempel kunstnerisk utviklingsarbeide innenfor jazz som utforsker møtepunkter med afrikanske og afro-amerikansk musikk. I litt mindre omfang, finnes også kunstnerisk utviklingsarbeid som kan knyttes til (A1.4), dette gjelder spesielt vokalmusikk.

Nedan presenteras de fält som i undersökningen uppvisade i genomsnitt minst 5% av publikationspoängen. Fälten Konflikt och kris, Hav och Klima fick respektive 3, 2 och 1%.

A1.1. Eldre tider (30%)

Fag: alle?

«Eldre tider» defineres som studium av tidsperioder från mänsklighetens begynnelse till det tidiga 1800-talet. Det kan anses omfatta den av LLE och IF främjade profilen «kulturarv». Detta är inte idag ett särskilt framträdande tema vid andra universitet i Norge, och det verkar som om man medvetet drar ner på verksamheten inom äldre historia och kulturhistoria vid UiO. UiB är däremot störst i landet inom såväl antika som medeltida studier; man markerar sig inom tidigmodern kulturhistoria med forskning om bland annat Shakespeare, italiensk renässans och Holberg, och man äger internationellt erkänd excellens inom paleoantropologi. I den statistiska undersökningen har temat definierats som studier av (1) grekisk och romersk antik och dess kulturarv, (2) forntiden i andra länder och kulturer, (3) medeltiden (600–1450), (4) tidigmodern tid (1450–1814). Undersökningen ger vid handen att området så definierat producerar i genomsnitt 30% (28–34%) av publikationspoängen vid fakulteten per år.

Prosjekt med aktiv finansiering 2016:

From manuscript fragments to book history. Norway and the European manuscript culture 1100–1300 (2012–2016)

Immigration and mobility in mediaeval and post-mediaeval Norway (2013–2016)

Mechanisms of cross-cultural interaction: Networks in the Roman Near East (2013–2016)

Meteorologiens historie i Norge (2011–2016)

A1.2. Skandinaviske studier (30%)

Fag: alle?

Även på detta område, som inte behöver förklaras närmare, är UiB säkerligen störst i landet. Också här synes den viktade publiceringen omfatta omkring 30% av produktionen (22–35%).

Prosjekt med aktiv finansiering 2016

Common Language Resources and Technology Infrastructure Norway (2012–2019)

From manuscript fragments to book history. Norway and the European manuscript culture 1100–1300 (2012–2016)

Immigration and mobility in mediaeval and post-mediaeval Norway (2013–2016)

Meteorologiens historie i Norge (2011–2016)

Merchants and Missionaries. Norwegian encounters with China in a transnational perspective, ca. 1890–1937 (2011–2016)

Negotiating history: Photography in Sámi Culture (2014–2017)

A1.3. Globalitet, gränsöverskritt och kulturmöten (19%)

Fag: alle?

Vid universitet i Bergen studerar man gärna såväl historia och kulturhistoria som samtiden med fokus på gränsöverskridanden och internationella kontakter. «Globalhistoria» är ett särskilt aktuellt och växande tema inte minst på AHKR. Et slikt globalt forskningsengasjement omfatter et bredt spekter av aktiviteter og prosjekter blant annet knyttet til kjønnsstudier (SKOK), etnomusikkvitenskap (GA), språk og kultur (IF og LLE). Dette er ett område som er gångbart i samtiden, t.ex. for extern finansiering. Inte oväntat är fältet väl företrätt av externt finansierade projekt, vilket kan leda till en ökning av

andelen relatert forskning framöver. I den statistiske undersökningen har temat definierats som studier av (1) interkulturell kontakt, gränsöverskridanden och etniska minoriteter i västerlandet, (2) regioner utanför Europa, USA och Canada. Undersökningen ger vid handen att i genomsnitt 19% (16–22%) av forskningen ved HF i Bergen ägnas denna tematik.

Prosjekt med aktiv finansiering 2016

Dwelling and Crossing: The socio-cultural dynamics of religious spaces in Mumbai (2014–2018)

Immigration and mobility in mediaeval and post-mediaeval Norway (2013–2016)

Mechanisms of cross-cultural interaction: Networks in the Roman Near East (2013–2016)

Merchants and Missionaries. Norwegian encounters with China in a transnational perspective, ca. 1890–1937 (2011–2016)

Negotiating history: Photography in Sámi Culture (2014–2017)

Poverty, Language and Media: The Cases of Argentina, Brazil, Colombia and Mexico (2013–2016)

A1.4. Språkvetenskap (10%)

Fag: Lingvistikk, filosofi og samtlige språkfag

Språkvetenskap kan möjligen ha proportionellt stor tyngd ved UiB; det gäller definitivt LLE og IF, dock inte de andra institutene. Det är dock osäkert om det med drygt 10% (9–13%) av den viktade publiceringen, något mer av den oviktade, är mer eller mindre utmärkande för Bergen än eksempelvis Oslo.

Prosjekt med aktiv finansiering 2016:

Contextual Aspects of Text Organization (2013–2016)

Norwegian Infrastructure for the Exploration of Syntax and Semantics (INESS) (2010–2016)

A1.5. Helse (5%)

Fag: alle?

Av universitetets sentralt diskuterte profilområdene er «helse» det som er oftast forekommande som et emne for humanistisk forskning. Undersökningen ger vid handen att i genomsnitt 5% (2–7%) av publikationspoängen kommer från produktion relatert till detta fält. Forskningsengasjementet knyttet til Helse på HF ser ut til å være i utvikling, og med et stadig bredere interessefelt, som har konkretisert seg både i prosjekter, publikasjoner og avhandlinger på en rekke institutt og sentre. Dette omfatter mellom annet medisinhistorie, kjønnsforskning, humanistiske perspektiver på aldring, medisinsk etikk, bioetikk, samt medisinsk og helserelatert ELSA-forskning. Musikterapiforskningen ved Griegakademiet i samarbeid med Uni-Helse bidrar med den største delen, og med et stort antal externfinansierede prosjekter.

Prosjekt med aktiv finansiering 2016:

Ethics of cancer biomarkers (2013-2017)

POLYFON: Vestnorsk nettverk for musikkterapiforskning og praksisutvikling (2015-2020)

The bodily and emotional quality of the therapeutic relationship as outcome predictor in music therapy with children with autism (2015-2018)

Appendix 2. Profilering av tverrfagleg forskning ved andre humanistiske fakultet

Arbeidsgruppa har undersøkt korleis andre jamførbare humanistiske fakultet i Noreg og Norden profilerer sine satsingsområde. Undersøkinga inkluderer også enkelte relevante institusjonar utanfor Norden. Utvalskriteria har vore dei tre største humanistiske fakulteta i Noreg, som har blitt tillagt størst vekt ettersom dei har like institusjonelle rammer, lik finansieringsmodell, og liknande utfordringar. Dinest eit utval større humanistiske fakultet i Sverige, Danmark og Finland, samt eit lite utval humanistiske fakultet utanfor det nordiske området, som arbeidsgruppa av ulike grunnar fann relevante for sitt arbeid. Praksis er like mangslungen som humaniora sjølv.

A2.1. Norge

Ved norske universitet det er naturleg å samanlikne seg med, ser ein at dei humanistiske fakulteta ved UiO og NTNU profilerer seg gjennom tema og/eller prosjekt.

A2.1.1. UiO

HF- fakultetet ved UiO har vedteke å satse på tre tematiske forskingsområde;²⁵ i) *Scandinavian Narratives of Guilt and Privilege in an Age of Globalization* (Institutt for lingvistiske og nordiske studier), ii) *Syntaks og Semantikk* (Institutt for litteratur, områdestudier og europeiske språk) og iii) *Travelling texts: Translation and Transnational Reception* (Institutt for litteratur, områdestudier og europeiske språk). Prosessen som har leia fram mot desse tre forskingsområda har skjedd nedanfrå og opp ved at alle fagmiljø/institutt har fremja forslag om tematiske satsingsområde. Satsinga på desse forskingsområda starta i 2014 og er i første omgang tenkt å vare i mellom fire til fem år. Kva ressursar fakultetet stiller med ser ut til å vere ei forhandlingssak mellom institutta som er «vertskap» for forskingsområda. Forma på desse bidraga vert skissert som frikjøp, driftsmiddel, professor II-stillingar og rekrutteringsstillingar. Når det gjeld kriteria for val av desse tre forskingsområda så vektlegg dekanatet at dei har prioritert kvalitet i høve til både søknadsskisse og fagmiljø, at tematikken har samfunnsrelevans, at forslaga representerer genuint nye prosjekt og ikkje berre ei vidareføring av eksisterande forskingsprosjekt, samt at dei tre forskingsområda som heilskap utfyllar kvarandre gjennom å famne om store delar av fakultetet si forskingsverksemd. Når det gjeld kva ein ønskjer å oppnå med desse forskingsområda så ser det ut til at formålet er å auke forskingssamarbeid på tvers av både institutt- og fakultetsgrenser (minimum to institutt involvert), samt høve til å kunne utvikle prosjekt og søknader som kan nå opp i konkurranse om eksterne forskingsmiddel. Synlegheita til desse tre forskingsområda er noko varierende. «Den skandinaviske skyldfølelsen» flaggast på både fakultetet og vertsinstituttet sine heimesider, medan det krev litt meir «leiding» for å finne dei to andre.

I tillegg til spissinga av forskinga på fakultetsnivå, har UiO tre overordna tematiske satsingsområde: Livsvitenskap, Energi og Norden. Nordensatsinga er i første rekkje eit satsingsområde innan humaniora og samfunnsvitenskapane, men med samarbeid og deltaking

²⁵ Sjå mellom anna:

<http://www.hf.uio.no/om/organisasjon/styret/moter/2013/sakspapirer/131018/v7-fremlegg-tematiske-forskningsomraders.pdf> (Lasta ned februar 2015).

frå andre fakultet òg. Her bør det nemnast at UiO har tradisjon for tverrfakultære satsingsområde – som til dømes Kultrans, Plurel, Demokratiprogrammet med fleire. Den nye Nordensatsinga startar i 2015, og er forventa å vere i full drift frå 2016. HF-fakultetet er vertsfakultet for satsingsområdet. Her ser det ut til at lykketalet er åtte; satsinga er meint å vare i åtte år, budsjetttramma er på 80 millionar og ein ser for seg åtte nye forskargrupper i prosjektperioden.²⁶ Det er litt uklart basert på den informasjonen vi har tilgjengeleg i kva grad det eventuelt er samordning eller ikkje mellom dei sentrale satsingsområda og dei fakultære satsingsområda. Det er og uklart korleis desse tre satsingsområda har blitt utpeikt. Ting kan tyde på at ein her har både bottom-up og top-down prosessar.

A2.1.2. NTNU

Ved det humanistiske fakultetet i Trondheim har ein valt ei litt anna form gjennom å satse på såkalle «spydspissprosjekt». Ved NTNU har ein fire slike «spydspissprosjekt». Desse fire har blitt valt ut etter ein intern søknadsprosess med både interne og eksterne medlemmer av evalueringspanelet. Dei fire spydspissprosjekta er: 1) *Enlightenment News: Periodical Publication, Newspapers and the Digital Archive* (Institutt for språk og litteratur), 2) *Posthumane perspektiver på velferdsteknologi i eldres hverdagsliv* (Institutt for tverrfaglige kulturstudier), 3) *Språklig kompleksitet i individ og samfunn* (Institutt for språk og litteratur) og 4) *Research on the Ethos of Technology: The case of Personalized Medicine* (Institutt for filosofi og religionsvitenskap). Prosjekta er meint å vare tre-fire år og er finansiert av fakultetet i form av ein postdoktor, ein stipendiat samt midlar til drift. Her bør ein og nemne at HF-fakultetet ved NTNU har hatt ein pressa økonomi dei siste åra der utgiftene har vore større enn inntektene. Dekanetet har særleg peika på at over 90 prosent av fakultetet sine utgifter er knytt opp til lønnskostnader, og at ein ønskjer nedbemanning gjennom naturleg avgang.²⁷

På same måte som ved UiO, har ein i Trondheim etablert sentrale satsingsområde: 1) Energi, 2) Havomromsvitenskap og teknologi, 3) Helse, velferd og teknologi, og 4) Bærekraftig samfunnsutvikling.

A2.1.3. UiT

Det er litt vanskelegare å finne informasjon om kva som skjer ved Universitetet i Tromsø, meir presist ved fakultet for humaniora, samfunnsvitenskap og lærerutdanning. Universitetet har ein fakultetsstruktur som skiler seg frå den i Bergen både i koplinga mellom humaniora, samfunnsvitenskap og lærerutdanning, og i at utøvende musikk er organisert i eit kunstfakultet. På nettsida vert det vist til at det er 35 forskingsprosjekt ved fakultetet, to av desse vert framheva på heimesidene: Prosjekta *Frafall* og *Neighbourly Asymmetry: Norway and Russia 1814–2014* – begge prosjekt synes å ha vorte avslutta i 2014. Det siste er eit prosjekt i høve Grunnlovsjubileet med prosjektperiode frå 2008–2014, finansiert av fleire ulike eksterne kjelder, m.a. Forskningsrådet, Fritt ord, Tromsø forskningsstiftelse, UD o.a. *Frafall* var eit treårig prosjekt avslutta i 2014 med finansiering frå RDA Tromsø og Tromsø forskningsstiftelse om fråfall i vidaregåande skular i Troms. Dei to utvalde prosjekta ser ut til å eksemplifisere strategiske målsetjingar slik dei er forankra på sentralt nivå.

²⁶ <http://www.hf.uio.no/forskning/uio-norden/index.html> (lasta ned februar 2015).

²⁷ Sjå mellom anna: <https://ntnuhumanities.wordpress.com/2014/05/28/na-skal-vi-fa-hf-pa-rett-kjol-igjen/> (lasta ned februar 2015).

Strategidokumentet *Drivkraft i Nord: UiT mot 2020*²⁸ understrekar UiT si rolle som breddeuniversitet. Samtidig framhevar ein den sterke regionale profilen til UiT der den nordlege plasseringa og samfunnsutviklinga i nordområda er viktige.

A2.2. Sverige

Den svenske regjeringa identifiserte i 2008 ei liste over 20 «strategiske forskingsområde»²⁹ som i perioden 2010–2014 har blitt tilgodesett med vel 5 milliardar kroner fordelt på 43 forskingsmiljø frå universitet og høgskular. Midlane vart tildelt etter søknader.³⁰ Mellom dei 20 satsingsområde er humaniora representert i satsinga på Midtaustenforskning og forskning på Russland. Dei ulike humanistiske fakulteta har svart på denne utfordring med til dels svært forskjellige strategiar. Vi har valt å sjå på det største universitetet (Stockholm) og dei to eldste og kanskje mest prestisjefylte (Uppsala og Lund).

A2.2.1. Uppsala

Ved Uppsala Universitet (UU) synest forskinga å vere orientert kring tematisk framfor organisatorisk inndeling. I presentasjonen av universitetet så ser ein her, som andre stadar, vektlegging av institusjonens eiga historie og det ein kan kalle for «ikoniske» historiske aktørar.³¹

UU:s offisiella strategidokument, *Forskningsstrategier för Uppsala universitet 2013–2016* (15.12.2011),³² nämner under rubriken «Prioriteringar för framtiden» sju punkter: «SciLifeLab – en internationell resurs för livsvetenskaperna», «Hälsa», «Hållbar utveckling i ett globalt perspektiv», «Informationsteknologi och informationsvetenskap», «Funktionella material», «Infrastruktur», «Utbildning på forskarnivå». Man följer därmed i stort sett regeringens direktiv och ger humaniora en perifer roll.

UU:s faglige organisation är relativt avancerad i nordisk kontext, med humaniora oppdelad i fyra fakulteter (hist.-fil., teol., språk, utbildningsvetenskap), vilka tillsammans med samhällsvetenskaplig och juridisk fakultet ingår i något som kallas «Humanistisk-samhällsvetenskapliga vetenskapsområdet».³³ På denna nivå som alltså ligger mellom universitet og fakultet återfinner vi vad som verkar vara en informell profilering, delvis i samsvar med universitetets centrala strategi. Ein trekk visstnok fram verdien av både grunnforskning og forskingsprosjekt utvikla med særskild tanke på samfunnsrelevans. Ein framhevar seks store forskingskategoriar innan vitenskapsområdet, vilka motsvarar de respektive fakulteterna: Humaniora (hist.-fil.), Juridiske studiar, Samfunnsvitenskap, Språkvitenskap, Teologi/religion og Utdanningsvitenskap. Det er imidlertid to forskingsfelt/arenaer som vert særleg framheva på vetenskapsområde-nivået: Områdestudier

²⁸ http://uit.no/om/art?p_document_id=355830&dim=179033 (lasta ned mars 2015).

²⁹ <http://www.regeringen.se/content/1/c6/11/39/57/2f713bd9.pdf> (lasta ned mars 2015) ;

<http://www.vr.se/amnesomraden/amnesomraden/strategiskaforskningsomraden.4.790ed98e123c73e0f318000858.html> (lasta ned mars 2015).

³⁰

<http://www.vr.se/amnesomraden/amnesomraden/strategiskaforskningsomraden/myndigheternasrekommendation.4.56ec518312c85b30aa280004055.html> (lasta ned mars 2015).

³¹ <http://www.uu.se/forskning/forskarprofiler/> (lasta ned mars 2015).

³² http://regler.uu.se/digitalAssets/174/174877_3forskningsstrategier-111215.pdf (lasta ned mars 2015).

³³ <http://www.hum-sam.uu.se/forskning/> (lasta ned mars 2015).

og Strategiske satsingar. Vedrørende Områdestudier så vert desse omtalt som å ha både høg kvalitet, å bidra til å skilje UU ut i svensk perspektiv samt å ha særleg samfunnsrelevans. Ein gjev her og uttrykk for ønskje om å jobbe enno meir på tvers av fag og disiplinær og då særleg i retning av samarbeid med tekniske, medisinske og naturvitskaplege fagområde.³⁴ Frå og med 2010 har ein i tillegg valt å innføre strategiske satsingsområde med tydeleg samfunnsrelevans – og då særleg i høve til næringsliv og offentleg forvaltning. Ein har i første omgang valt ut tre slike område; i) Internasjonalisering, ii) Religion og samfunn og iii) Alderdom.³⁵

På fakultetsnivå har man på den historisk-filosofiska fakulteten, som alltså omfattar alla humanistiska fag utom språk, religion och lärarutbildning, valt att profilera sig delvis oberoende av regerings- och universitetsstrategi. Man talar här om forskningsnoder, ett begrepp som i stor utsträckning tycks svara mot våra «klynger», nämligen sju definierade tvärfagliga forskningsområden.³⁶

Tidigmodern kulturhistoria
Kultur – Makt – Medborgarskap
Mind and Nature
1700-tal: Sverige i världen – världen i Sverige
KUSKO - Kunskapsamhällen: kommunikation och organisation 1800-2020
Förintelse- och folkmordsstudier
Den goda staden. Urbanism och social förändring

Bakgrunnen for satsinga på, så vel som val av forskningsnoder var ein evalueringsrapport for UU, *Quality and Renewal 2011: An overall evaluation of research at Uppsala University 2010/2011*.³⁷ Rapporten hadde til oppgåve «to identify strong areas of research and successful research constellations at Uppsala University. Furthermore, it aimed at finding emerging science and identifying opportunities for new research by probing the standing of research at Uppsala University in national and international perspectives.»³⁸ De strategiska målen med profileringen anges på näsida: ³⁹ ökat tvärfagligt samarbete, ökade möjligheter till större forskningsprojekt, rent kvantitativt ökad forskningsvolym, ökade möjligheter för yngre forskare att bli forskningsledare. Det nämns att dessa noder «kan få ett avsevärt ekonomiskt stöd». De ska löpa i minst tre år men utvärderas kontinuerligt.

Språkvetenskapliga fakulteten nämner en tvärvetenskaplig satsning i linje med universitetets «helse»-satsning: Språk och åldrande.⁴⁰ Teologiska fakulteten underlåter på sin näsida helt att nämna det strategiska satsningsområdet «Religion og samfunn», som framhävdes på det överordnade humanistisk-samhällsvetenskapliga vetenskapsområdets näsida.⁴¹

³⁴ <http://www.hum-sam.uu.se/forskning/omradesstudier/> (lasta ned mars 2015).

³⁵ Sjå <http://www.hum-sam.uu.se/forskning/strategiska-satsningar/> (lasta ned mars 2015).

³⁶ <http://www.histfilfak.uu.se/Forskning/forskningsnoder/> (lasta ned mars 2015).

³⁷ <http://uu.diva-portal.org/smash/get/diva2:461235/FULLTEXT01.pdf> (lasta ned mars 2015).

³⁸ Ibid. s. 20.

³⁹ <http://www.histfilfak.uu.se/Forskning/forskningsnoder/> (lasta ned mars 2015).

⁴⁰ <http://www.sprakvet.uu.se/Forskning/sprakald/> (lasta ned mars 2015).

⁴¹ <http://www.teol.uu.se/Forskning/> (lasta ned mars 2015).

A2.2.2 Lund

Lunds Universitet (LU) har i sine offisielle strategidokument, *Strategisk plan: Lunds Universitet 2012–2016* (16/2 2012)⁴² og *Strategisk plan: Humanistiska och teologiska fakulteterna 2013–2017* (s.d.)⁴³ oppenbarligen medvetet valt att inte profilere seg faglig overhuvudtaget; det galler både på central nivå og i den samlede planen for humanistisk og teologisk fakultet. Inga spesielle fag, forskningsinriktninger eller tverrvetenskaplige områden overhuvudtaget næmns i endere dokumentet, utan istället allmänna utfordringer som internationalisering, kvalitetsutveckling og attraktive lærarmiljøer. I samsvar med detta finner vi i den centrale planen begreppet fullskalighet (s. 4, 7).

Ved heimesidene til de humanistiske og teologiske fakulteterna ved LU, så er presentasjonen av forskninga aktivitetsstyrt og retta mot å gje informasjon.⁴⁴ Her er det ikkje trekt fram strategiske satsingsområder, men heller vekt på større, informative kategoriar som publikasjonar, disputasar med meir – og det vert og vist til ein eigen forskingsdatabase. Det som det gjerne er interessant å merke seg her er at det er til dels stor skilnad mellom kva ein vel å trekke fram på dei engelske nettsidene samanlikna med dei svenske nettsidene. I den svenske presentasjonen av forskninga, trekk ein fram tre ulike hovudtypar forskning ved fakulteta (tankeverda, kultur og samfunn, estetiske fag), medan ein på engelsk trekk fram konkrete områder der ein har fått særleg god evaluering – som til dømes filosofi, historie, bibelstudier og områdestudier.⁴⁵

LU:s strategi kan dermed sãgas utgørã av delvis vallyckad synliggøring snarare än satsningsinriktad profilering, vilket med fördel kan beaktas i samband med de diskussioner som framlägges i denna rapport.

A2.2.3 Stockholm

Stockholms Universitet (SU) har valt flera olika profileringsstrategier på samma gång. I de senaste strategidokumentene for universitetet og humanistiske fakulteten sãgs ingenting nytt om faglig profilering, dãremot næmns i fakultetens dokument att tidigare strategier, vilka har pekat ut sãrskilda områden som ledande, skall vidarefãras og utvecklas (s. 7).⁴⁶ På nãtsidorna talas centralt om 16 profilområden.⁴⁷ Dessa är mycket vittfamnande og kan synas omfatta nästan alla universitetets fag: till humaniora hör t.ex. «Kulturarv, historiska artefakter & processer», «Normativitet, rätt & etik» og «Språk & språkinlãring». Men ein har òg 20 «større forskningssatsingar».⁴⁸ Dei fleste av disse er organisert som tverrfaglege sentra, og fleire av dei har humanioraprofil, t.d. Centrum for medeltidsstudier som inkluderer fag som arkeologi, fransk, gresk, historia, italiensk, kunstvitskap, kulturgeografi, kvartærgeologi, latin, naturgeografi, nordisk språk, numismatikk, teatervitskap og tysk. Andre humanvitskapleg relevante sentra er Centrum for evolutionär kulturforskning som er eit tverrfakultært senter, og Centrum for modevetenskap.

⁴² http://www.lu.se/sites/www.lu.se/files/strategisk_plan_2012_16_sv.pdf (lasta ned mars 2015).

⁴³ http://www.ht.lu.se/uploads/media/Strategiskplan_2013_17_webb_01.pdf (lasta ned mars 2015).

⁴⁴ Sjã til dømes: <http://www.ht.lu.se/forskning/> (lasta ned mars 2015).

⁴⁵ Sjã <http://www.ht.lu.se/forskning/> og <http://www.ht.lu.se/en/research/> (begge lasta ned mars 2015).

⁴⁶ http://www.su.se/polopoly_fs/1.11170.1346844997!/menu/standard/file/LP_2011_2015.pdf og http://www.hum.su.se/polopoly_fs/1.100671.1347967066!/menu/standard/file/Strategier_Humfak_20120904.pdf (begge lasta ned mars 2015).

⁴⁷ <http://www.su.se/om-oss/profilomr%C3%A5den> (lasta ned mars 2015).

⁴⁸ <http://www.su.se/forskning/st%C3%B6rre-forskningssatsningar> (lasta ned mars 2015).

Forskningsstrukturen ved universitetet er inndelt i to hovudområder; humanistisk og samfunnsvitenskapleg forskningsstruktur på den eine sida og naturvitenskapleg forskning på den andre sida. Det humanistiske fakultet femnar om 20 institutt og senter. Her vert det i tillegg till de tidgare nämnda profilmrådena och forskningssatsningarna òg framheva åtte såkalla leiande forskingsområder.⁴⁹ Desse åtte områda må kunne seiast å representere breie kategoriar: Romansk språkforskning, Filmvitenskap, Litteraturforskning, Lingvistik, Historie – særleg mellomalderforskning, Filosofi, Arkeologi, Andrespråk og tospråklegheit. I tillegg til desse åtte leiande forskingsområda, vert det interessant nok trekt fram sju «potensielt leiande forskingsområder». Det ser ut som kriteria for å vere eit leiande forskingsområde er at forskinga skal vere leiande på nasjonalt nivå, og av høg internasjonal kvalitet.

A2.3 Danmark

Dei tre største danske universiteta, Københavns universitet, Aarhus universitet og Syddansk universitet, har i ulik grad tematiske profilmråde, eller fagovergripande satsingsområde.

A2.3.1. København

Det humanistiske fakultetet organiserer si synleggjering av fagovergripande aktivitetar under to separate faner på websidene. Den eine, kalla «forskning» har oversikter over tverrfagleg forskingsinitiativ, medan den andre kalla «Viden online» er innretta på formidling av forskinga etter temaområder.

Under den første: HF har fleire tverrgåande initiativ i si forskingsportefølje og framhevar særleg si deltaking i KUs «Stjerneprogram for interdisciplinær forskning» som har fordelt nærare ein halv milliard kroner til 18 tverrfakultære forskingsprosjekt. Det humanistiske fakultet er involvert i 15 av desse, og har styrarrolle i 3 prosjekt:

The disrupted «we»: Shared intentionality and its psychopathological distortions som studerer evna til å innta «vi»-perspektiv hjå schizofrene, og involverer humanistisk og medisinsk fakultet

Information prominence and grammar in mind and brain som utforskar den nevro-kognitive grunnlaget for grammatikk med sikte på behandling av agrammatisk afasi, og involverer humanistisk, medisinsk og samfunnsvitenskapleg fakultet

Counteracting Age-Related Loss of Skeletal Muscle Mass som studerer verkader av mosjon og proteininntak på tap av muskelmasse, og barrierer for livsstilsendingar hjå eldre. Dette er eit samarbeid mellom dei humanistiske, naturvitenskaplege, og medisinske fakulteta.

⁴⁹ Det blir vist til at Universitetet sett under eitt har 30 slike leiande forskingsområder. For meir informasjon sjå: <http://www.hum.su.se/forskning/ledande-forskning> (Lasta ned februar 2015). De åtta humanistiska områdena definierades av en tidigare fakultetsnämnd men omtalas som fortfarande relevanta i det senaste tillgängliga strategidokumentet, http://www.hum.su.se/polopoly_fs/1.100671.1347967066!/menu/standard/file/Strategier_Humfak_20120904.pdf (lasta ned mars 2015).

Midlar frå Stjerneprogrammet for interdisciplinær forskning vert tildelt etter søknad og vurdering av eit internasjonalt evalueringspanel. Alle prosjekta har ei tverrfagleg og tverrfakulær innretning.

Det humanistiske fakultetet er også vert for/partner i andre større prosjekt på tvers av fakultet/universitet som vert nemnde i fakultetets strategi.⁵⁰

Asian Dynamics Initiative
Center for Sund Aldring
Centre for Advanced Migration Studies (AMIS)
Centre for Communication and Computing
DIGHUMLAB

I tillegg er følgjande tverrgåande prosjekt å finne på fakultetets websider:

Centre for Modern European Studies (CEMES)
Centre for Resolution of International Conflicts
(CRIC)Materiality in Islam Research Initiative (MIRI)
Center for Moderne Europastudier (CEMES)
Urban Culture Lab

Under den andre fana «Viden Online» er aktivitetane gruppert etter område:

Globalisering og identitet
Historie og arkeologi
Kommunikasjon og medier
Kunst, kultur og design
Læring og utdanning
Menneske, samfund og kultur
Religion, filosofi og etik
Sprog og litteratur

Ved å klikke på dei ulike temaområde frå ein opp nyheitssaker, intervju, popularisering av forskning som pågåande og tidlegare forskning innanfor desse områda. Synleggjering av forskinga for publikum vert presentert for seg, medan tematiske profilområde og fagovergripande satsingar vert presenterete for seg.

A2.3.2 Aarhus

Aarhus universitet har etablert eit tverrfagleg «forskningsinitiativ» som gir grunnfinansiering til sju forskingssenter der «sterke forskargrupper frå ulike hovudområde går saman og integrerer informasjon, data, metodar, begreb og teoriar med det mål å drive grunnforskning eller løyse problem som krev kombinert kunnskap frå fleire fagområde».⁵¹

To av desse sentralt finansierte sentra har eit sterkt innslag frå humanistiske fag:

⁵⁰ <http://hum.ku.dk/omfakultetet/strategi/> (lasta ned mars 2015).

⁵¹ <http://www.au.dk/forskning/forskningscentre/interdisciplinaereforskningscentre/> (lasta ned mars 2015).

*Interacting Minds Centre (IMC) og
MINDLab*

Sentra har grunnfinansiering over ein femårsperiode frå universitetet og har blitt oppretta etter søknadsevaluering.

På fakultetsnivå (ARTS) er disiplinane organisert i tre større institutt. I tillegg til institutta har fakultetet to utviklingsorienterte sentra: eit for entreprenørskap og innovasjon, og eit for undervisningsutvikling og digitale medier. Forskinga ved institutta er vidare organisert i sentra (forskningsprosjekt av ein viss storleik som vert løfta fram), som til dømes:

Research on the Anthropocene
Interacting Minds
Bioetik og Nanoetik
Erhvervshistorie
SamtidsReligion
Studiet af Antikken og Kristendommen
Humanistisk Sundhedsforskning
Urban Network Evolutions
Biocultural History
Global and Regional Ethnographies
Advanced Visualization and Interaction
Fictionality studies
American Studies Center Aarhus
Science-Technology-Society studier
Semiotik

Vidare er forskinga ved fakultetet organisert i «forskningsprogram» som er større forskargrupper med ei fleirfagleg innretning. Forskningsprogramma skal leggje til rette for tverrfagleg forskning og betre integrering av forskarutdanninga i den ordinære forskingsaktiviteten.

A2.3.3 Syddansk universitet

Det humanistiske fakultet ved SDU er organisert i fire institutt som alle er resultat av samanslåingar. I fakultetets strategi⁵² er sju satsingsområde definert:

Viden og læring
IT og medier
Områdestudier
Kulturanalyse og –formidling
Kommunikasjon og sprogtilegnelse
Design
Velfærd og værdier

⁵² http://www.sdu.dk/Om_SDU/Fakulteterne/Humaniora/Politik_strategi/Strategi-+og+ledelsesgrundlag (lasta ned mars 2015).

Dei fire institutta, Institut for Sprog og Kommunikation, Institut for Kulturvidenskaber, Institutt for Historie, og Institutt for Design og Kommunikation er organisert i sentra og forskingsprosjekt, medan Institutt for Historie i tillegg har tre tverrfaglege satsingsområde: Politisk historie, Kulturmøder og Autoritet, materialitet og medier. Desse er etablert for å «styrke samarbeidet på tværs af instituttets fagområder»⁵³.

Dei ulike sentra ved fakultetet har ulik status og finansiering utan at dette kjem fram i instituttets presentasjonar. Til dømes er Center for Medieval Literature eit senter for framifrå forskning finansiert av Danmarks grunnforskningsfond, medan Senter for Koldkrigsstudier er oppretta og finansiert av det danske Forskningsministeriet, og Senter for Amerikanske studier er eit samarbeid som har vore drive innanfor SDU sidan 1992 etter initiativ og støtte frå Fullbrightkommisjonen.

Sentra:

Center for Amerikanske studier
Center for Børnesprog
Center for Forskning i Skoleudvikling
Center for Industri- og Erhvervshistorie
Center for Koldkrigsstudier
Center for Mellemøststudier
Center for Middelalderstudier
Center for Multimodal Kommunikation
Center for Narratologiske Studier
Center for Social Praksis og Kognition
Center for Turisme, Innovation og Kultur
Center for Velfærdsstatsforskning
Centre for Communication, Culture and Society (CCCS)
Centre for Human Interactivity
Centre for Medieval Literature
CrossCom
D R E A M
DIAS
H.C. Andersen Centret
Kartografisk Dokumentationscenter
Nice Welfare
SDU Design
SDU Universitetspædagogik
SELC

⁵³ http://www.sdu.dk/Om_SDU/Institutter_centre/ih (lasta ned mars 2015).

A2.4. Finland

Av dei tre største universiteta i Finland, Helsingfors universitet, University of Turku og Aalto University, har Helsingfors valt generelle og deskriptive formuleringar i sin omtale av Det humanistiske fakultetet. Her understrekar ein mangfaldet og ei forskings og utdanningsportefølje som famnar frå det internasjonale til det nasjonale der spesifikke lokale nisjeområder i kultur og språk framhevas. Samstundes har ein spesifisert tydelege fokusområder både på institusjonsnivå og fakultetsnivå. På Institusjonsnivå synes disse å være orientert om sentre for fremragande forskning, der blant fokusområdet «språk og kultur» er framheve⁵⁴. På fakultetsnivå er det beskrevet tre prioritetsområder i utvikling: «the study of Europe», «Concepts and histories of ideas», «environmental studies in the humanities»⁵⁵.. Fakultetet har etablert et internasjonalt Scientific Advisory Board, og betydningen av dette understrekes i forhold til forskingsutviklinga ved fakultetet.

University of Turku har likeins profilert «areas of strength» innan forskning der «Futures research» har ein klar humanistisk forankring⁵⁶. Disse styrkeområda synest organiserte utifrå sentre for fremragande forskning. I nemninga av Faculty of Humanities overordna forskingsprofil framhevas to forskingsfelt i særleg utvikling, «Interaction of cultural and social processes» og «Research of the Middle Ages and the Early Modern period».⁵⁷ I tillegg profileras forskingsfelt på dei einskilde institutta. Fakultetet ser såleis ut til å ha vald å profilera særleg sterke fagområder samstundes med at ein synleggjer bredde i forskinga på instituttnivå.

Det tredje største universitetet, Aalto University, har ikkje noko humanistisk fakultet i vanlig forstand, men har ei meir profesjonsretta inndeling, med ein School of Arts, Design and Architecture. Her satsar ein på kompetanse innanfor kunst, design, digitale media, audiovisuell kommunikasjon, byplanlegging og arkitektur med tanke på bærekraftig utvikling, og framhevar kunstnarisk forskning i like stor grad som vitenskapelig forskning. På institusjonsnivå vart det i 2009 gjennomførte ei stor forskningsevaluering som inneheld både evalueringar av internasjonalt samansette ekspertpanel og bibliometriske analysar, og med bakgrunn i denne evalueringa profileras sterke forskingsfelt og fokusområder.⁵⁸ Her er forskingsfeltet design profilert som eit fagområde på høgt internasjonalt nivå, og med potensial for vidare tverrfagleg utvikling.

A2.5. Storbritannia

Arbeidsgruppa har også undersøkt et lite utval av universitet i Storbritannia, nærare bestemt University of Birmingham, University of Exeter samt Trinity College Dublin. Dette utvalet er gjort meir eller mindre tilfeldig ut frå interessante funn som er gjort ved de utvalde lærestadane gjennom søk på internett. Vi meiner det kan være inspirasjon å hente når det gjeld korleis disse lærestadane har valt å satse på tverrfaglege forskingsområde.

⁵⁴ <http://www.helsinki.fi/research/focus.html> (lasta ned mars 2015).

⁵⁵ <http://www.helsinki.fi/hum/english/research/priorities.htm> (lasta ned mars 2015).

⁵⁶ <http://www.utu.fi/en/research/areas-of-strength/Pages/home.aspx> (lasta ned mars 2015).

⁵⁷ <http://www.utu.fi/en/units/hum/research/hum-profile/Pages/home.aspx> (lasta ned mars 2015).

⁵⁸ <http://www.aalto.fi/en/research/strengths/> (lasta ned mars 2015).

A2.5.1. University of Birmingham

Ved University of Birmingham har ein oppretta eit eige Institutt of Advanced Studies. IAS ved University of Birmingham er eit av tilsaman 20 institutt som inngår i eit konsortium for IAS i Storbritannia og Irland. Senteret fungerer som både arena og sponsor for tverrfaglege konferansar og workshop. Senteret synes og å vere ein arena for å tiltrekke seg framragande forskarar til kortare forskingsopphald (invitert av fagmiljøa ved UoB).

A2.5.2. University of Exeter

University of Exeter har valt ein strategi for humanistisk og samfunnsvitenskapleg forskning som inneheld fleire interessante tematiske satsingar, mellom anna «Identities and Beliefs» som reiser problemstillingar innanfor religionsvitenskap, historie, filosofi, kjønnsforskning, samt kultur- og språkvitenskap.⁵⁹ Sentrale spørsmål her er korleis vi menneske oppfattar oss sjølve, andre og den verda vi lever i. Meir underordna tema innanfor dette satsingsområdet er «Bodies, Gender and Identity», «Heroes and Leaders», «Place, Memory and Identity», «Religious Identities and Encounters», m. fl. Eit anna overordna satsingsområde er «Medical Humanities» som også reiser fleire tverrfaglig interessante problemstillingar, knytt til sjukdomsforståing, vitenskapleg kunnskap, velferd, helse m.m.

A2.5.3. Trinity College Dublin

Ved Trinity College Dublin har dei eit liknande satsingsområde som Exeter «Identities in Transformation», som har eit stort tverrfagleg potensial. Satsingsområdet er eit av universitetets 19 strategiske multi-disiplinære forskingsområde. Det inkluderer tema og problemstillingar som burde vere av interesse for fleire humanistiske fag, mellom anna religionsvitenskap, historie, filosofi, kultur- og språkvitenskap.⁶⁰

⁵⁹ For meir informasjon, sjå til dømes her: <http://www.exeter.ac.uk/research/inspiring/keythemes/hass/> (lasta ned mars 2015).

⁶⁰ For meir informasjon, sjå til dømes her: <https://www.tcd.ie/trinitylongroomhub/themes/identities/> (lasta ned mars 2015).